

Til rådmannen i Meland

#### SPØRSMÅL OM BRAKKEBYGG VED MELAND UNGDOMSSKULE

I Strilen i dag 09.08 kjem det fram i dag at brakkebygget ved Meland ungdomsskule ikkje blir klart til skulestart. Det inneber at elevar og tilsette ved skulen no må ta i bruk midlertidige løysingar i påvente av eit midlertidig bygg. Det er overraskande og etter mi meining svært uheldig.

Det har i lang tid vore kjent at Meland ungdomsskule måtte ha meir undervisningsareal til skuleåret 2019/2020 grunna auke i elevtalet. Det var også bakgrunnen for at Meland kommunestyre i desember 2018 løyvde pengar til eit midlertidig brakkebygg ved skulen i påvente av ein ny permanent ungdomsskule på Frekhaug.

Dermed har ein hatt god tid til å planlegge/etablere brakkebygget ved Meland ungdomsskule. Eg har registrert at arbeidet med å leggja til rette for/setje opp brakkebygget starta no på seinsomaren.

Mitt spørsmål til rådmannen er:

Kva er årsaka til at brakkebygget ikkje står ferdig til skulestart, og kva tiltak set kommunen no i verk for å ivareta læringsmiljøet og arbeidstilhøva for elevar og tilsette ved skulen?

Eg håpar rådmannen vil gi ei orientering om dette i komande møte i Meland formannskap.

Frekhaug 09.08.2019

Mvh

Nils Marton Aadland (H)